

ÅRSPLAN FOR LANGEVÅG SFO 2024/2025



PÅ LANGEVÅG SFO VIL VI:

- ❑ SETTE LEIK OG AKTIVITET I FOKUS.
- ❑ AT BARNA SKAL FÅ POSITIVE OPPLEVINGAR KVAR DAG.
- ❑ SJÅ KVART ENKELT BARN SINE BEHOV.
- ❑ VERE TYDELEGE OG TILGJENGELEGE VAKSNE, SOM HAR TID TIL Å LYTT OG SNAKKE MED BARNA KVAR DAG.
- ❑ LÆRE BARNA Å VISE OMSYN TIL KVARANDRE.
- ❑ HA GOD DIALOG MED FØRESETTE.

I årsplanen vil de finne: Informasjon om målsettinga, informasjon frå innskulingsdagane i mai. Namn på personalet i SFO. Årshjulet og faste aktivitetar. IST home og skulefrie dagar. Prisar og plasstypar. Rammeplan for SFO.



Definisjon og formål

Overordna mål for verksemda finn vi i Opplæringslova § 13-7: «Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal ha gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet». I retningslinjene for SFO i Sula heiter det at «SFO i Sula skal vere eit pedagogisk stimulerande omsorg- og fritidstilbod for barn på 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1. til 7. årstrinn».

Mål

SFO er ein del av skulen si totale verksemd, men også ein stor del av barna si fritid. Den frie leiken blir difor vektlagt på SFO, og det blir tilrettelagt for at barna skal kunne utfalde seg etter eigne ynskjer innanfor trygge rammer og med rettleiing av ein vaksen dersom det trengs. Gjennom leik får barna vere ilag og dei får utvikle seg sosialt både i store og små grupper, på tvers av kjønn, alder og interesser.

SFO følgjer same ordensreglane på området som elles gjeld ved Langevåg skule, noko som gjer det stabilt og oversiktleg for barna.

Langevåg SFO skal vere ein trygg og god stad der barnas ynskjer og behov blir vektlagt. Organiseringa av dagen skal pregast av barnas behov for leik, kulturaktivitet og sosial læring. Barna er spontane vesen, så det må vere rom for å endre planar etter dei ynskjer og impulsar barna har den aktuelle dagen. Dei vaksne ved SFO vil gi tilsyn og omsorg slik at barna føler tryggleik og trivsel ved skulefritidsordninga.

[Endring av retningsliner for SFO i Sula kommune](#)



Informasjon på innskulingsdagane i mai for 1. klasse foreldre.

Her fortell eg litt om SFO og kva kommunikasjonsmåte vi bruker.

Vi deler også ut påmeldingsskjema for dei skulefrie dagane i august.

Vi er delt inn i 2 basar.

Barna dykkar skal gå på base 1 som er på 1. klassebygget.

Vi er 57 1. klassingar.

Regjeringa har bestemt at alle barn på 1. 2. og 3. trinn får inntil 12 timar gratis SFO.

Om nokon av dykk ikkje har søkt om plass enda, kan de gå inn på sula kommune -Langevåg skule SFO - søke om plass. Er det nokon som treng hjelp er det berre å ta kontakt.

Vi bruker digital innkryssing som heiter IST Home. Dette er ein app.

Her legg de inn når barnet kjem om morgonen og når det blir henta på ettermiddagen. Om barnet skal bruke morgon SFO må de legge inn to planar. Ein plan når barnet kjem om morgonen. Til dømes 07.15 til 08.30 og ein plan frå 13.15 til f.eks 15.00. Om de legg inn frå 07.15 til 15.15. reknar systemet skuledagen som SFO tid. Altså 8 timar i staden for 3,25 timar. Om barnet har full plass, betyr dette ikkje så mykje. Men har barnet f.eks 12 eller 15 timar, utgjer dette mykje.

Opphalds plan må leggst inn før den 1. i kvar månad. Det er viktig at barnet blir henta innanfor opphalds planen.

Om de treng hjelp til å legge inn oppholds plan, ta kontakt 😊

Opningstid på SFO er frå 07.15 TIL 16.15.

Utvida opningstid frå 07.00 morgon og til -16.30 ettermiddagen. Dette kan avtalast med meg om nokon har behov for det.

De får dessverre ikkje tilgang til IST før barnet har starta 1. august.

Det betyr at de får utdelt eit skjema på innskulingsdagane, slik at de kan sette opp kva dagar de tenkjer at barnet skal nytte før skulestart i august.

Om de har full plass kan de nytte SFO kvar dag.

15 timar kan de nytte 3 dagar

12 timar kan de nytte 2 dagar.

Om ein ønskjer å kjøpe ekstra dagar kan ein gjere dette, men då må det merkast godt i skjemaet. Pris per dag er kr 376.-

Skjemaet vil eg gjerne ha tilbake så raskt som råd. Siste frist er 15.06. Om vi ikkje har fått skjema tilbake vil barnet automatisk bli satt på fri.

Eg er tilgjengelig begge innskulingsdagane. De finn meg oppe på 1. klasse basen.

Eg ønsker å få ta bilde av barnet dykkar, slik at plassen og kassa med skifteklede er klare til barnet startar i august. Om de ikkje ønskjer at eg tar bilde, må de seie ifrå.

Elles så blir det eit foreldremøte på SFO i august/september.

Dette bruker vi å ha same dag som 1. klasse har foreldremøte.

Alle møter i amfiet, så går de vidare til klassa barnet dykkar høyrar til.





Personalgruppa i Langevåg SFO

Ole Martin Tonheim Rektor

ole.martin.Tonheim@sula.kommune.no

Maren Kristoffersen SFO-Leiar

Maren.kristoffersen@sula.kommune.no

Mobil: 938 46800

Assistentar og fagarbeidarar

**Base 1 Ingrid Skjerven Hauståker
99104733 Baseleiar**

**Base 2 Hilde Gundersen og Grete
Myrrusten baseleiar**

Telefon base 2: 41 40 7283

Anne Kristin Salen

Lena Akslen

Anna Holen

Malin Andrea Fylling Strømmen

Iryna Bondarenko

Nour Wahab

Kari Hurlen

Simone Hestholm Alnes

Bente Myklebust

Lendi Bukoko

Helene Fiksdal Hauknes

Anne Magrethe Dyb

Sigrid Sværen

Åse Salen

Simone Hestholm Alnes

Lærling: Anna Malena Ø Sætre

Tilkallingsvikarar:

Ranfrid Linangi, Audhild Fiskarstrand

Baseleiar og SFO-Leiar har samarbeid kvar mandag, i tillegg har vi fellesmøte med alle som jobbar i SFO. Der går vi gjennom SFO-veka og får dele informasjon som gjeld både SFO og skule.

Dei fleste av assistentane jobbar både i skule og SFO. Da er det slik at assistenten følger den klassa dei jobber i vidare i SFO.

Dette opplevar elevane som trygt og godt.

Det blir laga månadsplanar som blir lagt på IST Home. Når det blir lagt ut nyheter får de pushvarsel på telefonen.

RUTINER OG TRYGGLEIK:

Klokka 08.20 opnar dørene for dei som ikkje er på SFO om morgonen, då kjem lærarane til klasseromma sine. SFO startar etter skuletid med registrering og mat på klasserommet. Deretter er det utetid. Ungar på 1. trinn har refleksvestar for å vere meir synlege, desse har ulike fargar. 1A oransje, 1B grøne, 1C gule. Dei har namn på vestane.

Det er greitt å gjere avtalar om at ungar på base 2 skal gå heim til ei fast tid, men vi ønskjer ikkje daglege telefonar om å sende barn ned til rundkjøringa.

Ungar på 1. trinn skal alltid hentast på basen. Det er kjekt at de som hentar kjem innom SFO for å sjå kva vi gjer, og for å rydde litt i garderoba (ta med våre klede o.l.).

Henting og levering

Når du leverer barnet ditt på SFO på morgonen vil der stå ein tilsett som tek imot i «resepsjonen» Om den tilsette som skal ta imot er opptatt med ei anna levering er det fint om du ventar til den tilsette er klar til å ta imot ditt barn. Om barnet ikkje har ete frukost kan ein ha med medbrakt matboks. Ein kan ete frukost mellom 07.15 - 08.00. Det vil ikkje være mogleg å ete frukost etter 08.00.

Når du skal hente barnet ditt, vil der stå ein vaksen ved «resepsjonen» som har ansvar for å krysse ut barnet. Ta aldri med deg barnet om den tilsette ikkje har fått beskjed. Fint om du tek av sko eller tek på skotrekk før du går inn.

Barna er på ulike aktivitetar, men den tilsette som står med utkryssing i garderoba veit kvar barnet ditt er. Om vi er ute når du hentar blir barnet ropt opp i walkie talkien.

Fint om du følgjer med på månadsplanen på kva aktivitetar vi har dei ulike dagane. Om barnet ditt er på tur sender vi ikkje dette barnet tilbake til skulen aleine pga. henting. Du kan legge inn avtalar på om barnet skal gå heim sjølv, men dette vil det kome meir informasjon om seinare i årsplanen, under IST Home.



Påmelding til skulefri periode august 2024 Langevåg SFO

Frist for påmelding er: **15.6.2024**. Etter 15.6.2024 blir barnet automatisk satt opp på fri og ein kan ikkje nytte SFO i august før skulestart.

Plasstypar:

Full plass – Kan nytte SFO alle dagar

15t plass – Kan nytte SFO 3 dagar i veka

12t plass – Kan nytte SFO 2 dagar i veka

Om ein ønskjer å kjøpe ekstra dagar kan ein gjere dette, men det må merkast godt i skjemaet. Pris pr dag er 376 kr.

Navn på barnet: _____

<u>Mandag</u> <u>29.7</u> SFO ferie stengt	<u>Tirsdag</u> <u>30.7</u> SFO ferie stengt	<u>Onsdag 31.7</u> SFO ferie stengt	<u>Torsdag 1.8</u> Ja: _____ Klokka: _____ Nei: _____ _____	<u>Fredag 2.8</u> Ja: _____ Klokka: _____ Nei: _____ _____
<u>Mandag5.8</u> Ja: _____ Klokka: _____ _____ – Nei: _____ _____ –	<u>Tirsdag 6.8</u> Ja: _____ Klokka: _____ _____ – Nei: _____ _____ –	<u>Onsdag 7.8</u> Ja: _____ Klokka: _____ _____ Nei: _____ _____ –	<u>Torsdag 8.8</u> Ja: _____ Klokka: _____ _____ Nei: _____ _____ –	<u>Fredag 9.8</u> Ja: _____ Klokka: _____ _____ Nei: _____ _____ –
<u>Mandag</u> <u>12.8</u> Ja: _____ Klokka: _____ _____ – Nei: _____ _____ –	<u>Tirsdag</u> <u>13.8</u> Ja: _____ Klokka: _____ _____ – Nei: _____ _____ –	<u>Ondag 14.8</u> SFO stengt Planleggingsdag	<u>Torsdag 15.8</u> SFO stengt Planleggingsdag	<u>Fredag 16.8</u> SFO stengt Planleggingsdag

Ta bilde av skjemaet og send til : maren.kristoffersen@sula.kommune.no eller
som bilde til 93846800.



Vi gleder oss til å bli kjent med akkurat *ditt* barn!





Hei

Her kjem litt informasjon om dagsplan, mat og utstyr som barnet må ha til dei skulefrie dagane i august.

Opningstida er frå klokka 07.15 til 16.15 Om de treng utvida opningstid, ta kontakt!

Minner om studiedagane 14. 15. og 16. august. Da er SFO stengt.

For dei nye 1. klassingane kan det vere greit med litt kortare dagar, slik at alle får ein fin start. Har beregna personale i forhold til påmeldte barn. Så viktig å møte på den dagen de er påmeldt! Barna må ha med mat, drikke og skifteklede.

Barna får brødmåltid og frukt. Nb: Husk å merke klede, drikkeflaske og matboks.

Fint om barna har med innesko. Vi et frukost fram til klokka er 08.00

Fellesmåltid saman med dei ein går i klasse med blir ca klokka 10.00

Etter måltidet går vi ut å leikar. Da har dei større barna gått på tur og 1. klassingane får området for seg sjølve.

Vi går inn klokka 13.00, då er det brødmåltid som personale i SFO lagar til.

Barna treng berre å ha med mat til frukost og formiddagsmat.

Etter dette blir vi inne å leikar til barna blir henta.

Om det er noko de lurar på, er det berre å ta kontakt.

Vi gleder oss til å bli kjent med akkurat ditt barn 😊

Helsing Maren

Barnegruppa

For skuleåret 2024/2025 har vi ca 220 barn i SFO.

Dette er fordelt på 2 basar.

1.klasse held til i eige bygg og der held også SFO for 1. klasse til.

Vi er 57 barn på base 1.

Base 2 har ca 170 barn.

På ettermiddagen nyttar vi også base 3

Dagsrytme

7.15 - 8.20 Frileik på basen og medbrakt frukost (7.15 - 08.00) for dei som ønskjer det.

12.00 NB! Kun fredagar. SFO opnar for 1. klassingar.

13.15 SFO opnar.

13.15 - 13.45 Måltid inne på SFO. Torsdag får barna servert varm mat, fredag er det brødmåltid. Torsdag og fredag går vi ut klokka 14.00

14.00 - 15.00 Aktivitetar frå månedsplan, for dei som ikkje er på aktivitetar er det utetid.

15.00 - 16.15 Frileik inne/ute, alt etter ver og vind.

16.15 SFO stenger



Årshjulet på Langevåg SFO 2024-2025

Vi jobber med vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. Vi er ein aktiv SFO som legg stor vekt på fysisk aktivitet og bevegelsesglede. Dette er noko som vi jobbar med gjennom heile SFO året.



August - SFO åpner 1.8 - Første skuledag 19.8

Vi brukar august til å bli kjent med barna og dei med oss. Vi skal bli kjent med rutiner og kvardagen på SFO. Barna i 2, 3 og 4. klasse vil ha turdagar, slik at dei nye 1. klassingane får bli trygge på uteområdet.

September. Satsingsområde: Vi skal bli kjent med skulen vår og bygda vi bor i. Barna skal få vite kor mange elevar som går på skulen vår, kor mange klasser vi har, namn på både lærarar, assistentar, rektor og inpektørar. Kva heiter ordføreren i bygda, kor mange innbyggjarar har kommunen vår. Dette jobbar vi med under måltidet i SFO. Vi jobbar også med å vere ein god ven. Kva er å vere ein god ven? Korleis skal vi vere med kvarandre? Elles så startar vi med dei faste aktivitetane. Dette kan de lese meir om på månedsplanen for september.

Oktober - Satsingsområde: Vi fortsett med same satsingsområde som vi hadde i september. Haustferie veke 41 Da er måsettinga: Ut på tur, aldri sur. Turane går i nærområdet: Sulafjellet, Bolvika, Vassetvatnet. Vi bruker også å ha oss ein dag på kino på Friheim og ein tur på Kraftverket på Devold. Vi startar også med å lage julegaver. Dette kan de lese meir om på månedsplan for oktober.

November- Satsingsområde: Fysisk aktivitet, der kjem vi til å bruke gymsalen og Liltun. Dei som ønsker å lage farsdagskort, får anledning til dette. Vi fortsett med juleførebuing. Sjå månedsplan for november.

Desember Tema: Julekos. Vi har mål om å vere ferdig med alle julegåvene før desember. «Vi stresser ned» og nyter førjulstida. Det blir nissefest på SFO. Da serverer vi graut og raud saft. Vi blir invitert på konsert i amfiet, der Sula kulturskule står for underhaldninga.

Siste skuledag før jul er 20.12. SFO held åpent 23. 12 - stengt i romjula. SFO opent 3. januar

Januar Satsingsområde: Ekstra sunn mat. Fysisk aktivitet og bevegelsesglede. Vi lagar også mordagskort for dei som ønskjer det. Planleggingsdag 2.1.2025 Første skuledag blir 6. januar

Februar Satsingsområde: Kultur. Vi skal besøke biblioteket, kino og vi skal på sula Grand Prix. Vinterferie veke 8: Her blir det same opplegg som haustferien. Ut på tur aldri sur 😊

Mars Tema: påske. Vi skal forberede oss til påske med ulike aktivitetar. Vi skal oppmuntre barna til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta veloverveide val.

April. Satsingsområde: Bærekraftig utvikling: SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Påskeferie: 14. til 21. april

Vi lagar 17. mai sløyfer av nobby perler.

Mai Tema: 17. mai, demokrati og fellesskap. Vi snakker om landet vår og kor heldige vi er som bur i eit fritt land. Barna teiknar og fargelegg dei nordiske flagga. SFO stengt 30. mai.

Juni Tema: Tur 2.3. og 4. klasse har tur dagar.

1. klassingane besøker base 2 og blir kjent med basen dei skal starte på til neste skuleår. Vi får også besøk av barnehagen som har med dei nye 1. klassingane som skal starte til hausten.

Siste skuledag 20.6. SFO held åpent ut juni. Juli er stengt.



Faste aktivitetar:

Frileiken er viktig i SFO. Ungane har også ein del faste aktivitetar dei får vere med på. Barna er delt i grupper på trinn for å sikre at alle får delta på alle aktivitetane i løpet av SFO tida si. Her er oversikt over aktivitetane våre:

1. trinn	2.trinn	3.trinn	4.trinn
Gymleik	Gymleik	Album	Sy/strikkegruppe
Teiknekurs	Decoupage	Gymleik	Gymleik
Sløydgruppe	Sløydgruppe	Matlaging	Matlaging
Sy/strikkegruppe	Sy/strikkegruppe	Sy/strikkegruppe	Album
		Turgruppe	

Daglege aktivitetar i grupper			
Teikning	Teikning	Teikning	Teikning
Tråd	Tråd	Tråd	Tråd
Fine opplevingar som er litt utanom det vanlege			
Heile SFO vert invitert på generalprøva til Sula Grand Prix i februar. I mai får vi også russane på besøk. Dei deler ut is og russekort. Vi har også samarbeid med Langevåg IL. Der vi kjører fotballskule med aktive spelarar frå idrettslaget som trenarar .			



TILBAKEMELDINGSSKJEMA:


For å gjere SFO til ein enda betre plass for ungane våre, ønskjer vi tilbakemelding på positive og negative opplevingar på SFO. Vi har skjema og kasse hengande i gangen. Skjema kan leverast anonymt dersom det er noko som er vanskeleg.

Hei alle SFO-foreldre. Vi ønsker at SFO skal vere ein trygg og god plass å vere for elevane, og vi arbeider heile tida med dette som mål. Likevel er det sikkert ting vi kan gjere betre.

For å gjere SFO til ein endå betre plass å vere for borna dykkar, ber vi om at de tek dykk tid til å gi oss nokre tilbakemeldingar på skjemaet. Skriv nokre stikkord/setningar om kva de syns er bra og kva som kunne vore annleis/betre. Vi ønskjer hjelp frå alle foreldre 😊

TILBAKEMELDINGAR

+ PLUSS (DETTE ER BRA😊)



**FORSLAG TIL ENDRINGAR/FORBEDRINGAR, VI TAR GJERNE
IMOT IDEAR TIL NYE AKTIVITETAR 😊)**

Inntil 12 timar gratis SFO for 1. 2. og 3.trinn.

Plasstypar	Pris per. mnd	Barn 2 25% modrasjon	Barn 3 50% modrasjon
Heil	3678,00	2 759,00	1 839,00
15 timar	2836,00	2 127,00	1 418,00
12 timar	2626,00	1 969,00	1 313,00
Kortidsopphald per dag	376,-		
Kortidsopphald per time	85,-		
Kost,	88,- Dette gjeld uansett plasstype.		

OPPSEIING: Det er ein måned oppseiing, som gjeld frå den 1. i kvar måned. Plassen kan ikkje seiast opp seinare enn 1. april med verknad frå 1. mai. Ved seinare oppseiing må foreldrebetalinga halde fram ut skuleåret. Oppseiing eller endring av plasstype for barn med plass i SFO for neste skuleår (august) skal skje innan 1.juni. Ved seinare oppseiing må foreldrebetalinga halde fram ut august måned. Når barnet sluttar i 3. klasse får dei med ein album med bilde frå SFO-tida si (dei som sluttar før 3.klasse får ikkje laga album). Søknad om plass i SFO eller endring av type plass, skal gjerast elektronisk via oppvekstportalen. Logg inn med «MIN ID».

MAT: Dette er ei koseleg stund. Vi fortel vitsar, gåter og snakkar om

det som opptar ungane. Vi serverer frukt eller grønnsaker to dagar i veka.

Både torsdag og fredag får ungane mat på SFO. Torsdag har vi varmt måltid. På menyen står det: fiskekaker, lapskaus, tomatsuppe, hamburger, kyllingpølse, ostesmørbrød og havregraut.

Fredag har vi brødmåltid. Vi serverer vatn til alle måltid.

MELDING: Det er viktig at det vert gitt meldingar via

Daglig dialog dersom eit barn er på skulen, men ikkje skal

på SFO ein dag. Det er ikkje nok at barnet sjølv gir beskjed.

IST Home

Når barna kjem om morgonen eller går heim etter skuletid, blir dei registrert i IST Home. Som føresettt må du før skulestart legge inn opphaldstid på når barnet ditt skal nytte SFO, du kan endre oppholdsplan før den 1. i kvar månad. Om ein har plass på 12 timar eller 15 timar kan ein legge inn talet på timar opp til den plasstypen barnet ditt har. Ein må også legge inn lik tid for opphald kvar veke. Om ein har full plass kan ein nytte heile opningstida til SFO. Sjølv om ein har full plass er det fint om føresette legg inn faktisk behov i appen, under opphaldsplan. Om tida vil bli ulik frå veke til veke kan ein legge inn den fulle opningstida til SFO. Vi vil hjelpe deg med dette, om ein synes det er vanskeleg.

*Om barnet er sjuk eller skal ha fri må ein registrere dette i appen.

*Om barnet skal bli henta av andre enn føresette må dette leggst inn i appen.

*Om barnet skal være med nokon heim etter skule eller SFO, må dette leggst inn i appen.

*Om barnet skal gå heim sjølv, må dette leggst inn i appen. Vi vil ved slike høve hjelpe barnet med sekken og sjå til at alt er greitt, men vi har ikkje moglegheit for å sjekke korgar, klede osv - då må ein hente barnet sjølv.

*Barna har ikkje lov å ringe heim for å lage nye avtalar i SFO- tida. Mobil eller smartklokke skal ligge i sekken avslått, så lenge barnet er på skulen sitt område.



Skulefrie dagar

Skulefrie dagar er når skulen har stengt, men SFO er opent. Vi held opent/stengt:

* August før skulestart - Vi har 3 dagar planleggingstid før skulen startar saman med lærerane - 14. 15. og 16 .8. SFO er stengt desse dagane.

*Haustferie: Veke 41. -

*Jul: SFO held opent frå skulen stenger, fram til litlejulaftan. Romjul er stengd.

*Vinterferie: Veke 8. - Påske: Skule og SFO er stengt. - Juni - etter siste skuledag. SFO held opent etter skulen stenger og fram til 30. juni.

*SFO held stengt heile juli månad.

*SFO har 2 planleggingsdagar utanom dei 3 som er lagt til august. Desse vil bli lagt ut i IST home og du finn dei i skuleruta.

Om vi er færre enn 5 påmeldte barn i feriar, må SFO stenge - jamfør vedtekter i Sula kommune.

Elevar med full plass kan nytte opningstida alle skulefrie dagar.

*Elevar med 12-timars plass, kan nytte SFO 2 dagar pr. veke i skulefrie periodar.

* Elevar med 15-timars plass, kan nytte SFO 3 dagar pr. veke i skulefrie periodar.

*Elevar med redusert plass (12t og 15t) kan kjøpe enkeltdagar om ein treng, men dette må avtalast i god tid før ferien.

*Påmeldingsfrist for skulefrie periodar:

- August før skulestart: 15. juni

- Haustferien: 15. september

- Jul: 15. november

- Vinterferien: 15. januar

- Juni etter skuleslutt: 15. mai.

Det vil ikkje være mogleg å melde på barn etter fristen - jamfør vedtekter til Sula kommune. Vi opplever at SFO på skulefrie dagar er kjekt for både barn og vaksne.

VI HAR TRE VIKTIGE MÅLSETTJINGAR FOR FERIANE.

*ALLTID UT PÅ TUR, ALDRI SUR.

*BARNA SKAL HA FERIEFØLELSE.

*BARNA SKAL HA ANDRE DAGAR ENN DET DEI HAR TIL VANLEG.

Vi har både instagram: langevaag_skule og sfo og FB 😊

Her legg vi ut kjekke ting vi gjer i kvardagen vår. Følg oss gjerne 😊

Rammeplan for SFO

Hausten 2021 fekk SFO rammeplan. Den nasjonale rammeplanen skal bidra til eit meir likeverdig tilbod på SFO. Rammeplanen skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Den legg også til rette for at barna får den omsorg og tilsyn dei treng.

Rammeplanen baserer seg på opplæringslova §13-7, kommunelova § 23, opplæringslova § 9A, barnevernlova § 6-4, FNs konvensjon om barnets rettigheitar og ILO - konvensjon om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.

Rammeplanen for SFO består av seks kapittel:

- 1: Om rammeplanen for SFO
- 2: Skulefritidsordninga sitt verdigrunnlag
- 3: Innhaldet i SFO
- 4: Ein inkluderande SFO
- 5: Samarbeid i SFO
- 6: Kvalitetsutvikling.

Langevåg SFO jobbar for at vi skal følgje den nasjonale rammeplanen.

Rammeplanen finn de på udir.no/sfo

Vi håpar på eit godt samarbeid 😊

Vennleg helsing frå personalgruppa i Langevåg SFO

Maren Kristoffersen SFO leiar

